



Rundskriv nr. 16/94

Kommunane

Skoleetaten

PPT

Helse- og sosialetaten

Hordaland fylkeskommune

Utdanningsetaten

PPT

Fylkesarbeidskontoret

Fylkeshelsesjefen

Høresentralen, Haukeland sykehus

Øyeavdelingen, Haukeland sykehus

Hjelpemiddelsentralen

Statlege og regionale kompetansesentra

Brukarorganisasjonane

Arbeidstakarorganisasjonane

INFORMASJON OM SYNS- OG AUDIOPEDAGOGISK TENESTE I HORDALAND

Syns- og audiopedagogisk teneste i Hordaland er ei interkommunal og statleg finansiert teneste. Målgruppe og brukarar er alle aldersgrupper som har rett til særskild tilrettelagt opplæring på grunn av syns- og/eller hørselshemming. Heimel for rettar og tenester finn ein i Lov om grunnskolen, Lov om vidaregåande opplæring og Lov om vaksenopplæring.

Statens utdanningskontor i Hordaland har eit ansvar for koordinering og oppfølging av tenesta og vil i dette skrivet gi informasjon om tenesta. Syns- og audiopedagogisk teneste vil gi vidare informasjon om tilbodet gjennom skriv, møte og arbeidet med den enkelte brukar.

I Hordaland har vi lang røynsle med syns- og audiopedagogisk teneste i barnehage og skole. Sidan 1979 har Bergen kommune vore vertskommune for den interkommunale syns- og audiopedagogtenesta. Denne tenesta dekkjer førskole- og grunnskolealder i alle kommunane i fylket og har fire synspedagogstillingar ved Synspedagogisk senter i Bergen, og ei audiopedagogstilling lagt til Hunstad skole. Den interkommunale syns- og audiopedagogtenesta vert finansiert av kommunane. Det vert forhandla med Utdanningsetaten, Hordaland fylkeskommune om interkommunale syns- og audiopedagogtenester til elevar i vidaregåande opplæring frå 1.1.95. Dei statlege audiopedagogiske tilboda i fylket har ein fått ved spesialskolane på Hunstad (førskole og grunnskole) og Bjørkåsen (vidaregåande opplæring) i Bergen. Statlege synspedagogiske tenester ved Tambartun (Trondheim) og Huseby spesialskolar (Oslo). Høresentralen og Hjelpemiddelsentralen i Bergen har og pedagogiske tenester til syns- og hørselhemma.

Stortingsmelding nr.54 (1989-90) og nr.35 (1990-91) tar opp omstrukturering av det spesialpedagogiske feltet. Der vert det sagt om opplæring:

"Der er viktig å sikra at alle barn, unge og vaksne får eit likeverdig tilbod same kvar dei bur i landet."

Dette er også grunnprinsippet i "Fylkesplan for barn, unge og vaksne med særskilte behov. Hordaland 1993-96." Planen tar opp organiseringa av heile det spesialpedagogiske feltet i vårt fylke, og omtalar og tenester for syns- og hørselshemma.

Organisering og arbeidsoppgåver for syns- og audiopedagogisk teneste i Hordaland.

Dei statlege spesialskolane vart omorganisert til statlege, spesialpedagogiske kompetansesentra frå 1.august 1992. Bjørkåsen og Hunstad skole og Kongstein vidaregåande skole i Stavanger vart eit statleg, spesialpedagogisk kompetansesenter med felles leing, og gir regionale og 0dsdekkjande tenester til hørselshemma og døvblinde. Når det gjeld synshemma, vil Tambartun truleg verta kompetansesenter for brukarar i Hordaland. Dei statlege kompetansesentra skal vera andrelineteneste for kommunane, og supplera førstelinjetenesta medan kommunane byggjer opp eigen kompetanse på førstelinjenivå.

Den interkommunale syns- og audiopedagogtenesta er ei førstelinjeteneste.

Frå 1993 og for ein periode, truleg på tre år, vert syns- og audiopedagogtenesta i fylka styrka med statleg finansierte stillingar. Hordaland fekk tre stillingar, ein audiopedagog og to synspedagogar. Hordaland har ein desentralisert modell for den statlege innsatsen.

Audiopedagogen og ein synspedagog er tilsett av Stord kommune og knytt til PPT Stord. Den andre synspedagogen er tilsett av Bergen kommune og knytt til Synspedagogisk senter. Det er utarbeidd ein avtale mellom Statens utdanningskontor og Bergen og Stord kommunar om dette. Dei statleg finansierte stillingane har heile fylket som arbeidsfelt.

Kommunen har ansvar for tilpassa undervisning og spesialundervisning for alle elevar.

Dei statleg finansierte stillingane er eit supplement til førstelinjetenesta i kommunane og ei 0rking av det samla tenestetilbodet til syns- og hørselshemma. Den statlege innsatsen erstattar ikkje det kommunale ansvaret.

Tenesta har ein todelt oppgåve. På den eine sida systemretta oppgåver med kvalitetsikring. Det gjeld mellom anna informasjon, koordinering av tenestene, planarbeid, registrering/dokumentasjon og rapportering. Den andre hovudoppgåva er arbeid med einskildelevar/-brukarar. Arbeid med einskildelevar kan vera informasjon, kartlegging, diagnostisering, rådgjeving/samarbeid om individuelle læreplanar og koordinering av tiltak. Oppgåvene er omtalt i fylkesplanen og i retningslinjer frå departementet.

PPT i kommunen har ansvar for koordinering av heilskaplege tiltak for elevar med særskilde behov for opplæring og andre tenester. Samarbeidet med PPT vert derfor særleg viktig.

Syn- og audiopedagogisk tenesta skal og ha eit nært samarbeid dei som gir tenester til syns- og hørselshemma etter andre lover enn opplæringslovene. Det gjeld førstelinjetenestene i kommunane, Høresentralen og Øyeavdelingen, Haukeland sykehus, Hjelpemiddelsentralen, Arbeidsmarknadsetaten og andre.

Oppsummering. Kontakt og tilvising.

Den samla opplæringstenesta for syns- og hørselshemma er kommunalt og statleg finansiert og vert frå no av kalla

Syns- og audiopedagogisk teneste i Hordaland

Tenestestadene er ved Synspedagogisk senter i Fyllingsdalen i Bergen, ved Stord PPT og på Vestlandet kompetansesenter (Hunstad og Bjørkåsen skole) i Bergen. Sjølv om det er fleire tenestestader vil tenesta i praksis fungera som ei teneste. Det er oppretta eit fagstyre med representantar for kommunane, brukarane og dei tilsette. Tenesta vil nytta same mal for skriv og gi sams informasjon til samarbeidspartar og brukarar. Dei tilsette ved dei ulike tenestestadene samarbeider tett. Dei fordeler elevsaker og andre oppgåver og koordinerer heilskaplege tiltak seg imellom og i samarbeid med PPT og andre tenester. Det er et prinsipp for tenesta at brukarane skal få rettleiing og rette tenester same kvar dei vender seg.

Audiopedagogiske tenester får ein ved å venda seg til

Syns- og audiopedagogisk teneste i Hordaland

Stord PPT

Hamnebygget

5400 Stord

Telefon: 53 49 69 40

eller

Syns- og audiopedagogisk teneste i Hordaland

Vestlandet kompetansesenter

Kronstadveien 35

5037 Solheimsviken

Telefon: 55 29 00 30

Synspedagogiske tenester får ein ved å venda seg til

Syns- og audiopedagogisk teneste i Hordaland

Synspedagogisk senter

Torgny Segerstedtsvei 27

5033 Fyllingsdalen

Telefon: 55 17 99 10

eller

Syns- og audiopedagogisk teneste i Hordaland

PPT Stord

Hamnebygget

5400 Stord

Telefon: 53 49 69 40

Ingrid Steurde
for Per Kvist


Elsie Krey Solnes Grotle